



Aukra kommune

Planomtale

Plannamn	Reguleringsplan for Barnebo barnehage
Type plan:	Detaljregulering
Planid:	1547201501
Datert:	03.12.2015
Sist revidert:	18.01.2017 (endringar etter 2. høyring med raud skrift)
Vedtak:	Vedteken i Kommunestyret xx.xx.xxxx under sak xx



Aukra – full av energi

1 Bakgrunn	4
1.1 Innleiing	Feil! Bokmerke er ikke definert.
1.2 Føremålet med planarbeidet.....	4
1.3 Om forslagsstillaar	4
2 Tilhøvet til andre planar.....	4
2.1 Kommuneplan.....	4
2.2 Reguleringsplanar.....	6
2.3 Andre planar av betydning for planarbeidet.....	6
3 Omtale av planområdet, eksisterande tilhøve	6
3.1 Lokalisering	6
3.2 Planområdets avgrensing og storleik.....	8
3.3 Topografi	8
3.4 Dagens arealbruk.....	8
3.5 Kulturminne	8
3.6 Naturverdiar etter NML	8
3.7 Trafikktihøve	8
3.8 Kollektivtrafikk.....	9
3.9 Grunntilhøve	9
4 Omtale av planforslaget.....	9
4.1 Planlagt arealbruk.....	9
4.2 Reguleringsføremål	9
4.3 Finansiering, nødvendig grunnerverv (generelt).....	10
5 Konsekvensar av planforslaget	10
5.1 Eventuelt krav om konsekvensutreiling, overordna planer	10
5.2 Eksisterande busetnad	11
5.3 Naturverdiar etter Naturmangfaldlova (NML)	11
5.4 Landbruk	13

5.5 Kulturminne	13
5.6 Barn- og unge sine interesser	13
5.7 Universell utforming	13
5.8 Støy	13
5.9 Teknisk infrastruktur	14
5.10 Risiko og Sårbarheit (ROS).....	14
6 Planprosessen	14
6.1 Melding om oppstart	Feil! Bokmerke er ikke definert.
6.2 Innkomne merknader etter melding om oppstart med kommentar.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
6.3 Planprosess	14
Vedlegg 1 – Forenkla ROS-analyse (avkryssingsskjema)	15

1 Bakgrunn

1.1 Føremålet med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å sikre nødvendig areal til oppføring av eit nytt frittståande barnehagebygg med tilhøyrande leikeareal, samt å etablere gang- og sykkelveg for å sikre trygg ferdsel for gåande og syklande.

Reguleringsplanen vert utarbeidd som ei flateregulering der detaljar kring plassering av nytt barnehagebygg, parkering, interne køyrevegar og annan nødvendig infrastruktur ikkje er tekne med (løysinga er avklart med rådgjevar Anders Røynstrand i Møre og Romsdal fylkeskommune). På denne måten får arkitektane som tek del i den vidare prosessen større fridom til å kunne utvikle ei så god løysing som mogleg på det avsette arealet.

1.2 Om forslagsstilla

Aukra kommune ved plan- og utviklingsavdelinga er forslagsstilla og ansvarleg for utarbeiding av reguleringsplanen.

2 Tilhøvet til andre planar


2.1 Kommuneplan

I gjeldande kommuneplan, arealdelen (vedteken 21.06.06) er planområdet avsett til landbruks- natur og friluftsføremål (LNF) og offentleg bygning, jf. figur 1.

Kommuneplanen sin arealdel er under rullering, og føremålet offentleg bygning er vidareført og tilpassa ny plan- og bygningslov (føremålet har skifta namn til offentleg bygning, noverande). I høve gjeldande kommuneplan sin arealdel er delar av områda som tidlegare var avsett til landbruks- natur og friluftsføremål (LNF) no endra til offentleg eller privat tenesteyting, framtidig, for å leggje til rette for eit nytt frittståande barnehagebygg vest for der Aukratun er plassert i dag, jf. figur 2.



Figur 1: Utsnitt av gjeldande kommuneplan, arealdelen.



Figur 2: Utsnitt av kommuneplanen sin arealdel under rulling

2.2 Reguleringsplanar

Planforslaget omfattar eksisterande reguleringsplan for Barnebo barnehage, og mindre deler av reguleringsplan for Barnebo barnehage, endring 01 jf. figur 3. Eksisterande planar innanfor planavgrensinga vil verte oppheva i medhald av plan- og bygningslova § 12-14. Planane som vert oppheva får enkelte av føremåla sine vidareført i det nye planforslaget.

Namn på plan	Vedtaksdato	Planid
Barnebo barnehage	29.03.2006	1547200602
Barnebo barnehage, endring 01	31.01.2007	1547200701



Figur 3: Gjeldande reguleringsplanar innanfor planområdet


2.3 Andre planar av betydning for planarbeidet

Det er ingen andre planar i området som har betydning for planarbeidet.

3 Omtale av planområdet, eksisterande tilhøve

3.1 Lokalisering

Planområdet ligg på Hukkelberget, syd på Gossen, jf. figur 4.



Figur 4: Planområdet er markert med raud sirkel.



Figur 5: Planavgrensing

3.2 Planområdets avgrensing og storleik

Planområdet er avgrensa av myrareal og dyrkamark i nord, den kommunale vegen Hjertvikvegen i syd, pågående reguleringsplan for Kjerringsundet i aust, og skogareal i vest, jf. figur 5. **Storleiken på planområdet er omlag 19 daa.**

3.3 Topografi

Dei vestlege delane av planområdet har eit lite fall mot nord-aust, medan dei austlege delane av planområdet har vore nytta til ulike utbyggingsføremål og er relativt flate.

3.4 Dagens arealbruk

Barnebo barnehage er etablert innanfor planområdet med eit bygg, Furutun. Øvrege areal består av barskog, myr og eit tidlegare utbygd område som no er planert.

3.5 Kulturminne

Planleggjar har nytta Riksantikvaren si teneste Askeladden for å undersøke om planområdet innehold kulturminne, men har ikkje funne nokre registreringar.

3.6 Naturverdiar etter NML

Planleggjar har nytta Miljødirektoratet sine tenester naturbase og artsdatabanken for å undersøke om planområdet innehold naturverdiar etter naturmangfaldlova, men har ikkje funne nokre registreringar i desse kjeldene.

Rett vest for planområdet er det registrert ein naturtype karakterisert som kystmyr med verdien viktig.

Dei vestlege delane av planområdet består av eldre furuskog med høg bonitet (AR5).

I samband med offentleg høyring av planforslaget vart kommunen gjort oppmerksam på at det var sett og hørt hønsehauk i skogen der den nye barnehagen er tenkt oppført. På bakgrunn av dette foretok kommunen ein synfaring i området, og observerte det som truleg er eit hønsehaukreir, jf. punkt 5.3

3.7 Trafikktihøve

Planleggjar har nytta Statens vegvesen si teneste NVDB (norsk vegdatabank) for å finne informasjon om trafikktihøve.

Tilkomsten til planområdet skjer over den kommunale vegen Hjertvikvegen. Hjertvikvegen har fartsgrense 50 km/t. Det føreligg ikkje trafikkmålingar for kommunale veger, og trafikkmengde (ÅDT) er derfor ikkje registrert i offisiell statistikk.

3.8 Kollektivtrafikk

Bussrute 561, Aukra-Hollingsholmen-Molde-Årø passerer planområdet. Det er ikkje etablert busslommer, og bussen stopper derfor ved behov langs vegen. Det er Aukra Auto som er ansvarleg for passasjertransporten på Gossen.

3.9 Grunntilhøve

Lausmassekart frå NGU viser at planområdet består av «Marin strandavsetning, sammenhengende dekke» og «Torv og myr».

Berggrunnskart frå NGU viser at planområdet består av «Gneis, vanlig åregneis (migmattisk gneis)».

4 Omtale av planforslaget

4.1 Planlagt arealbruk

Planlagt arealbruk er nytt barnehagebygg med tilhøyrande leikeareal, samt gang- og sykkelveg.

Etter 1. offentlege høyring av planforslaget vart det naudsint å redusere planområdet for å unngå negative konsekvensar for observert hønsehauk, jf. punkt 5.3. Etter ei vurdering av utbyggingsavdelinga i Aukra kommune, vert det resterande arealet likevel vurdert til å være tilstrekkeleg stort til å omfatte nytt barnehagebygg med uteoppahaldsareal, internveger og parkering . Reduksjonen av planområdet vert derfor ikkje vurdert til å medføre negative konsekvensar for det vidare arbeidet.

4.2 Reguleringsføremål

Bygningar og anlegg

Eksisterande barnehage (Furutun) – O_BH_E

Framtidig barnehage (Aukratun) – O_BH_F

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Veg

Køyreveg - KV

Gang- og sykkelveg – G/S
Annen veggrunn – tekniske anlegg - AVT

Omsynssoner

Sikringssone for frisikt i kryss – H_140

Rekkefølgjekrav

Gang- og sykkelveg

4.3 Finansiering, nødvendig grunnerverv (generelt)

Dersom det vert nødvendig med grunnerverv vert dette gjennomført etter at reguleringsplanen er vedteken. Ansvarleg i kommunen føretok befaring på kvar eigedom saman med grunneigar for å kartleggje tilhøva. Dersom ein kjem til semje vert kjøpekontrakt eller arbeidsavtale underskriven. Deretter vert erstatning utbetalet og anleggsarbeidet kan starte. Viss partane ikkje vert samde går saka vidare til ekspropriasjonsvedtak.

5 Konsekvensar av planforslaget

5.1 Eventuelt krav om konsekvensutreiing, overordna planer

Alle reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn skal konsekvensutgreiaast, jf. plan- og bygningslova § 4-2, andre avsnitt. Merk også at krav om konsekvensutgreiing gjeld for reguleringsplanar som avvik vesentleg frå gjeldande kommuneplan, jf. plan- og bygningslova § 12-3, tredje avsnitt.

I gjeldande kommuneplan sin arealdel, vedteken 21.06.2006, er dei vestlegaste delane av planområdet avsett til landbruks- natur og friluftsføremål (LNF), reguleringsplanen er derfor ikkje i samsvar med overordna plan på dette området. Kommuneplanen sin arealdel er for tida under rullering, og delar av områda som tidlegare var avsett til landbruks- natur og friluftsføremål (LNF) er no føreslege endra til offentleg eller privat tenesteyting, framtidig, for å leggje til rette for eit nytt frittståande barnehagebygg vest for der Aukratun er plassert i dag.

Dei nye tiltaka som er føreslege innanfor planområdet er ikkje vurdert til å være av eit slikt omfang at det vert løyst ut krav om konsekvensutgreiing, jf. forskrskrift om konsekvensutredninger §§ 2-4, og vedlegg 1-3. Planforslaget

avvik heller ikkje vesentleg frå gjeldande kommuneplan sin arealdel, og er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel som er under rullering.

5.2 Eksisterande busetnad

Innanfor sjølve planområdet er det ingen eksisterande bustader. Næraste bustad er eigedom 1/20 som grensar til planområdet i nord-aust, og eigedomane 1/43, 1/62 og 1/133 sør for planområdet, og på andre sida av Hjertvikvegen. Dei tre sistnemnte eigedomane kan oppleve å få noko innskrenka utsikt mot nord som fylgje av den framtidige utbygginga.

5.3 Naturverdiar etter Naturmangfaldlova (NML)

Kunnskapskravet i § 8 er oppfylt ved at ein har nytta eksisterande og tilgjengeleg kunnskap om naturmangfaldet innanfor planområdet gjennom bruk av naturbase og artsdatabanken.

I samband med offentleg høyring av planforslaget vart kommunen gjort merksam på at det var sett og hørt hønsehauk i skogen der den nye barnehagen er tenkt oppført. På bakgrunn av dette foretok kommunen ei synfaring i området, og observerte det som truleg er eit hønsehaukreir.

Problemstillinga knytt til observasjonen av hønsehaukreiret vart lagt fram for saksbehandlar hos fylkesmannen i Møre og Romsdal, jf. e-post datert 12.04.2016. Saksbehandlar hos fylkesmannen har sjølv vore på synfaring i planområdet, og bekrefta kommunens observasjon, i tillegg vart det observert eit nytt reir. I e-post datert 22.04.2016, tilrår fylkesmannen i Møre og Romsdal at kommunen vurderer alternative løysingar for plassering av den nye barnehagen, som ikkje kjem i konflikt med haukelokaliteten.

Plansjef Kjell Lode snakka med ornitolog Alf Ottar Folkestad på telefon den 27.04.16. Innleiande tema var om større fuglar, som hønsehauk, kan tenkjast å tilpasse seg naboskap med menneske og menneskeleg aktivitet – om det kan førekome sosialisering på individnivå for slike fuglar. Kan det tenkast at ei utviding av barnhageområdet mot vest kan fålast utan at hønsehauken skyr reirplassen?

Folkestad meiner det er grunnlag for å legge vekt på at det har vore sameksistens mellom hauken og barnehagen i fleire år, og at det har vore hekking fleire år. Hauken søker gjerne område der det er god tilgang på mat. Dette finn han på Gossen (t.d. kråke, måker). Kvalitet rundt eit reirtre er skjul i form av skog, men likevel ope nok som landingsplass (difor helst eit furutre),

høgde over bakken og (erfart) aktivitet som ikkje blir oppfatta som trugande. Sidan det har vore hekking ved fleire høve medan barnehagen har vore i området og det elles er bilveg og busetnad i nærleiken, er det reelt å tenke at hauken har valt området med dei «avgrensingane» som finst og funne seg til rette. Sosialisering på individnivå kan forsvarast ut frå observasjonar av ulike fugleartar som tilpassar seg skiftande omgjevnader. Dette gjeld særleg arter som lever lenge og dermed kan gjere seg erfaringar. Døme er: Ørn, gås, trane. I dette spesielle tilfellet med hønsehauk, ville det vore interessant å vite kvar det er hekking i år. Dette vil kunne seie noko om territoriet hauken bruker, og om det kan tenkjast at ei flytting frå det aktuelle reirstreet kan kompenseras med nye reirlokaliteter. Slik observasjon bør vente til ungar er klekte og har fått tid til å vekse noko.

På spørsmålet om avstand mellom reirtre og nytt barnehagebygg svarer Folkestad at avstand aleine ikkje er nok vurderingsgrunnlag. Ein må også kunne legge vekt på kva aktivitet det er i området der hauken alt har valt å opphalde seg. Viktigaste vurderingstema vil vere om lokaliteten framleis kan følast trygg, og trygg i form av tilvant aktivitet. Tilpassing i form av minst mogeleg hogst og tidspunkt for byggeperioden må kommunen vurdere.

I telefonsamtale med sakshandsamar hos fylkesmannen vart tidligare tilråding om å finne alternative løysingar for plassering av den nye barnehagen oppretthaldt.

Konklusjon:

Etter første offentlege høyring valte kommunen å imøtekome krava til fylkesmannen gjennom å redusere planområdet i omfang slik at ein unngår negative konsekvensar for den observerte hønsehauken, i tillegg vart ein større del av planområdet sett av til offentleg føremål for å gi større rom for plassering av barnehagebygg med uteoppahaldsareal og nødvendig infrastruktur innanfor planområdet. I merknaden ved andre offentlege ettersyn aksepterte fylkesmannen denne løysinga. Planforslaget som vert lagt fram til eigengodkjenning vidarefører denne løysinga.

Gjennom dei valte løysingane i planforslaget vert krava i § 9 og 10 oppfylt, § 11 og 12 kjem ikkje til anvending.

5.4 Landbruk

Planforslaget medfører ikkje negative konsekvensar for landbruket; planavgrensinga er endra noko i høve melding om oppstart, og landbruksarealet karakterisert som fulldyrka jord i AR5 er tatt ut av planforslaget.

5.5 Kulturminne

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for kulturminne eller SEFRAK-bygg innanfor planområdet sidan det i tilgjengeleg informasjon ikkje er funne nokre registreringar.

Det er nedfelt i føreseggnene at dersom det under arbeid i området kjem fram gjenstandar eller andre leivningar som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stansast og kulturvernmyndene i fylkeskommunen kontaktast.

5.6 Barn- og unge sine interesser

Planforslaget ivaretok barn- og unge sine interesser ved at det vert sett av tilstrekkeleg store og sikre areal til leik og uteopphold, og ved at det vert lagt til rette for at det kan etablerast gang og sykkelveg for å sikre trygg ferdsel for gåande og syklande. I tillegg får barn- og unge sin representant i plansaker høve til å kome med uttale til planforslaget i samband med melding om oppstart og offentleg høyring.

5.7 Universell utforming

Det er nedfelt i føreseggnene at prinsippa for universell utforming skal leggast til grunn ved utforming av alle bygg, trafikkanlegg, parkering, uteoppphaldsareal m.m.

5.8 Støy

For utandørs støynivå skal prinsipp og støygrenser i Miljøverndepartementet sine retningsliner T-1442/2012, eller seinare vedtekne retningsliner som erstattar desse, leggjast til grunn. Støynivå innandørs skal tilfredsstille krava i TEK10, eller seinare vedtekne forskrifter som erstattar desse.

Reguleringsplanen legg kun til rette for at det kan plasserast nytt barnehagebygg innanfor avsett areal, og ikkje kvar på dette arealet bygget skal plasserast, det er derfor vanskelig å seie noko om eventuelle støykonsekvensar på det noverande tidspunktet. Dersom det under offentleg høyring av planforslaget vert stilt krav om støyvurdering, vil kommunen bestille dette hjå konsulent med kompetanse innanfor dette feltet. Eventuelle tiltak vil verte innarbeidd i plankart og føresegner.

5.9 Teknisk infrastruktur

Eksisterande VA-anlegg må utvidast til å omfatte framtidig barnehagebygg.

5.10 Risiko og Sårbarheit (ROS)

Det er gjennomført ei vurdering av risiko- og sårbarheit. Det blir her vist til utfylt sjekkliste frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, jfr. vedlegg.

6 Planprosessen

6.3 Planprosess

Melding om oppstart	07.02.2015
Merknadsfrist etter melding om oppstart	06.03.2015
DRA vedtek å legge reguleringsplanen ut til 1. høyring	16.12.2015
Høyring i perioda	21.12.2015 -15.02.2016
DRA vedtek å legge reguleringsplanen ut til 2. høyring	19.10.2016
Høyring i perioda	26.10.2016 – 05.12.2016
Kommunestyret vedtek reguleringsplanen	
Klagefrist etter vedtak av reguleringsplanen	

Vedlegg 1 – Forenkla ROS-analyse (avkryssingsskjema)

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det fare for flodbølgjer som følge av fjellskred i vatn/sjø?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følge moglege av klimaendringar?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus? Skog nær bygg	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
	f	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon? Krav om radonsperre i bygg	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
	i	Anna (spesifiser)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det terrengetasjoner som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggende område?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	d	Anna (spesifiser)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Verksemderisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder utgjere risiko?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Har området problematiske tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Infrastruktur	a	Er det kjente ulykkespunkt på transportnettet i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspentlinjer?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Vassforsyning	a	Er det mangelfull vassforsyning i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det spesielle brannobjekt i området? Furutun	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
	c	Er det omsorgs- eller oppvekst institusjonar i området? Furutun	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Industriverksemder som t.d. avfallsdeponering?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	d	Anna (spesifiser)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Ulovleg verksemder	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Sjekklista er gjennomgått den 03/12 2015 av sign: Svein Rune Notøy